

---

**Fra:** Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>  
**Sendt:** 15. september 2016 09:10  
**Til:** Therese Urdahl Braseth  
**Kopi:** Siril Therese Sylta  
**Emne:** Avkøyning SEIM Fv 402 og opparbeiding av refuge/fortau. Bruk av grunn.  
**Vedlegg:** Avkøyning-200-kart.pdf; GISLINE.pdf; SitplanSkisseBilder.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Viser til telefonsamtale samt informasjon gitt av Siril T. Sylta vedkomande avkøyning frå gbnr 172/197 og ut i fv 402.

Vi legg ved situasjonskart utarbeidd i samsvar med omforeint løysing under synfaring fredag den 2. september med representantar frå vegvesenet (Unn Jenny Utne Kvam, Marian D. Barsnes, Øystein Hagesæter) samt Siril T. Sylta. Vedlagt også sitplan utarbeidd i samsvar med første forslag frå vegvesenet slik at endringa kjem betre fram.

Årsaka til at refuge/fortau må få ny plassering er at veg, fortau ikkje vart opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen (PlanID 1263-201007) for Seim skule og utbetring av Fv 402 etter at det vart gitt mellombels dispensasjon frå rekkefølgekrav i planen pkt. 2.5.1.

Det vart gitt rammeløyve til oppføring av bustad på gbnr 172/197 den 26. august 2015, men vert ikkje gitt IG før avkøyninga er godkjent. (Det er 8 husstander som nyttar denne avkøyninga pr. dato samt eit føretak som driv med fysioterapi.)

Vi må få avklaring på bruken av arealet refuga/fortauet opptar (172/79) og ber difor om eit møte for å få avklart vidare saksgang. Fortau/refuge vert ikkje overtatt av tiltakshavar i vår byggjesak og det er vel då fylkeskommunen som overtar arealet formelt.

Vi ber venlegast om ei snarleg tilbakemelding.

Med venleg helsing  
*Karl Atle Taule*



Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 85 55- Fax: 55 35 86 56  
Mobil: 908 66 010 mail: [atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)